



# **Tilsynsrapport**

sak 2012-02

Trafikksikkerheitsgjennomgang  
i utbyggingsfasen

<b>Saksnummer</b>	2012-02
<b>Arkivnummer</b>	2012154425
<b>Dato for tilsynsmøte</b>	05.–06.02.2013
<b>Tilsynslag</b>	Bente I. B. Molland, tilsynsleiar Nils T. Sperrevik, fagrevisor Sverre Slettemark, fagrevisor Ida Blomhoff Pedersen, fagrevisor
<b>Tilsynspart</b>	Statens vegvesen Region øst Kontaktperson: Per Morten Lund

## Om rapporten

### 1. Innleiing

4

Denne rapporten er basert på tilsyn retta mot Statens vegvesen Region øst. Tilsynssaka omhandler bruk av trafikksikkerheitsgjenomgang i utbyggingsfasen.

Rapporten inneholder ei oppsumering av tilsynet og ein presentasjon av tilsynsfunn. Med bakgrunn i tilsynsfunna har Vegtilsynet gjeve to tilrådingar.

Utarbeidd dato: 22.3.2013

Sign.:

*Bente I.B. Molland*

Bente I. B. Molland  
tilsynsleiar

Godkjent dato: 22.3.2013

Sign.:

*Trude Tronerd*

Trude Tronerud Andersen  
direktør

# Innhald

1. Innleiing	4
2. Bakgrunn	5
3. Mål	8
4. Tilsynskriterium	8
5. Gjennomføring	8
6. Tilsynsfunn	9
Avvik 1	10
Avvik 2	11
Avvik 3	12
Avvik 4	13
Observasjon 1	14
Observasjon 2	14
Observasjon 3	14
Observasjon 4	14
7. Tilråding	15
Tilråding 2012-02 nr. 1	15
Tilråding 2012-02 nr. 2	15
8. Oppfølging av tilrådingane	16
 Vedlegg 1: utvalde prosjekt	17
Vedlegg 2: oversikt over tilsendt dokumentasjon	18
Vedlegg 3: deltakarar	19

# 1. Innleiing

Vegtilsynet gjennomførte 5. og 6. februar 2013 eit tilsyn der Statens vegvesen Region øst var tilsynspart.

Tilsynet vart gjennomført som ein revisjon. Ein revisjon er ein systematisk og uavhengig prosess for å skaffe tilsynsbevis og bedømme det objektivt for å bestemme i kva grad tilsynskriteria er oppfylt. Revisjonar vert gjennomført ved å nytte ulike revisjonsmetodar, eventuelt i kombinasjon. Revisjonsmetodane Vegtilsynet nyttar er dokumentgjennomgang, intervju og stikkprøvetaking.

Rapportar som vert utarbeidd etter ein revisjon inneholder ei oppsumming av tilsynssaka, ein presentasjon av eventuelle tilsynsfunn og eventuelle tilrådingar frå Vegtilsynet.

Tilsynsfunna er delt i kategoriane avvik og observasjon:

Eit **avvik** er mangel på samsvar med aktuelt tilsynskriterium

Ein **observasjon** er eit tilhøve som ikkje er omfatta av definisjonen av avvik, men der ein gjennom revisjonen har sett at det er eit potensial for forbetring hjå tilsynspart

På bakgrunn av tilsynsfunna utarbeider Vegtilsynet tilrådingar. Tilsynspart skal innan ein fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis tilrådingane vil verta handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak.

## 2. Bakgrunn

Tilsynssaka omhandlar *trafikksikkerheitsgjennomgang i utbyggingsfasen*, og er ein del av temaet *Sikkerheitstyring ved gjennomføring av utbyggingsprosjekt* i Vegtilsynet sitt tilsynsprogram.

Statens vegvesen har utarbeidd prosessen *Gjennomføre utbyggingsprosjekter* i kvalitetssystemet som regulerer korleis utbyggingsprosjekt skal gjennomførast. Denne prosessen har til hensikt å «realisere et løft av vegnettets omfang og/eller kvalitet, sikkerhet og ytelser fra dagens nivå til nytt (høyere/bedre) nivå innenfor gitte tidsmessige, økonomiske, geografiske, fysiske og tekniske rammebetingelser». Vidare har Statens vegvesen utarbeidd interne retningslinjer, *Håndbok 151 Styring av utbyggings-, drifts- og vedlikeholdsprosjekter*, som gjeld for planlegging og gjennomføring av utbyggingspro-

sjekt, samt drift og vedlikehald av vegnettet. Av forordet går det fram at handboka er «et styrende dokument og skal være en sjekkliste for ansatte i Statens vegvesen for å sikre riktig prosjekt- og utførelseskvalitet».

For alle prosjekt skal det utarbeidast prosjektbestilling, prosjektstyringsplan og kvalitetsplan, jf. kapittel 1.1.3 i håndbok 151. Prosjektstyringsplanen er prosjektleiar sitt svar på prosjektbestillinga, og skal utarbeidast ved oppstart av prosjektperioden, jf. kapittel 1.3. For prosjekt under 25 millionar kroner inngår normal prosjektstyringsplanen i kvalitetsplanen. For prosjekt med kostnadsoverslag større enn 500 millionar kroner inkl. mva. vert planen kalla sentralt styringsdokument (SSD).

Kapittel 1.4.1 i håndbok 151 omhandlar innhaldet i kvalitetsplanar.

Her går det fram at kvalitetsplanar skal ha «fokus på kontrollene og dokumentere at krevd kvalitet er oppnådd», og at det er prosjektleiar som har ansvar for å utarbeide kvalitetsplanen i samsvar med krava i håndbok 151. Kvalitetsplanen skal mellom anna beskrive korleis kvalitetssikring i prosjektet skal gå føre seg. I kapittel 1.4.1 vert det vidare stilt krav om at kvalitetsplanen skal utviklast og arbeidast med gjennom alle fasane i prosjektet, frå plan- og byggefase til drift- og vedlikehaldsfasen. Kvalitetsplanen skal ifølgje håndbok 151, ha ei form som gjer den til eit praktisk hjelpemiddel for både store og små prosjekt.

Kvalitetsplanane skal «for alle fasar inneholde en kontrollplan som omfatter vesentlige arbeidsoperasjoner slik at bestilt kvalitet sikres», jf. kapittel 1.4.5. Kontrollplanen skal

«beskrive kontrollomfang (her inngår egenkontroll, sidekontroll, utvidet kontroll og tverrfaglig kontroll) og definere ansvar» og det skal «dokumenteres at kontrollen er utført», jf. kapittel 1.4.5. Kontrollplanen skal utarbeidast på bakgrunn av ei risikovurdering, jf. kapittel 4.1.13.

Av kapittel 1.4.6 *Revisjoner, analyser og forbedringer* går det fram kva revisjonar og analyser som kan gjennomførast for å dokumentere at kravet kvalitet er oppnådd. Her inngår mellom anna trafikksikkerheitsgjennomgang. Det er her sett krav til at kvalitetsplanane skal syne kva revisjonar og analysar som skal gjennomførast. Det er også sett krav til at sjekklistene i *Håndbok 222 Trafiksikkerhetsrevisjoner og -inspeksjoner* må brukast, sjølv om det ikke vert gjennomført formelle revisjonar og inspeksjonar.

Bruken av kvalitetsplan og kontrollplan skal med andre ord sikre at kravet kvalitet vert oppnådd i alle fasar av eit prosjekt. Kvalitets- og kontrollplanar skal syne kva kontrollar som skal gjennomførast, inkludert planlegging av trafikksikkerheitsgjennomgang.

Overlevering er i handbok 151 definert som «prosessen når det aktuelle distrikt (ev. andre offentlige etter elles private) overtar prosjektet frå pro-

sjektorganisasjonen». Overlevering «innebærer at et veganlegg overføres fra de som har stått for byggingen av veganlegget, til de som skal stå for drift og vedlikehold av veganlegget», inkludert byggherreansvaret for vidare tiltak på vegen og kostnadene knytt til dette, jf. kapittel 2.9.4. Ved overleveringa skal prosjektorganisasjonen overføre den dokumentasjonen som er nødvendig for at driftsansvarleg skal kunne ta i vare si byggherrerolle fullt ut, jf. kapittel 2.9.4. I kapittel 2.9.3 er det presistert kva avklarande dokumentasjon som skal leggast ved i tilknyting til avslutting og overlevering av veganlegg. Her inngår mellom anna trafikksikkerheitsgjennomgang og overleveringsprotokollar (vedlegg 10 og 11 i handbok 151). Formålet med overleveringa er å sikre at prosjektet vert overtatt av vegavdelinga. Eventuelle feil og/eller manglar skal dokumenterast og følgjast opp. Dette går fram av kapittel 4.1.14.

Vegtilsynet skal ifølgje instruksen føra tilsyn med at krav om tryggleik knytt til riksveginfrastrukturen er teke i vare av Statens vegvesen, og arbeida for at Statens vegvesen si verksemde vert utøvd på ein sikker og føremålstenleg måte til det beste for trafikantane på vegen. Trafikksikkerheitsgjennomgang er eit verktøy for å

sikre at nye vegar ikkje har avvik eller feil som reduserer trafikksikkerheita. Statens vegvesen har sjølv omtalt trafikksikkerheitsgjennomgang som «en systematisk arbeidsmetode som skal bidra til sikrere veger og sikrere vegtrafikk», jf. forordet i *Håndbok 222 Trafiksikkerhetsrevisjoner og -inspeksjoner*.

Vidare er det i *forskrift 28. oktober 2011 nr. 1053 om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen (vegsikkerhetsforskrifta)*, som har som formål å betre sikkerheita i veginfrastrukturen, sett krav til mellom anna gjennomføring av trafikksikkerheitsrevisjonar av vegprosjekt på TERN-vegnettet.

Statens havarikommisjon for transport (SHT) har i rapport Vei 2008/01 gitt følgjande sikkerheitstilråding (nr. 2008/02T) om bruken av trafikksikkerheitsgjennomgang:

Veien var på ulykkestidspunktet åpnet for trafikk uten at den formelt var overlevert fra anlegg til forvaltning. Dermed ble det ikke foretatt en sluttkontroll av anlegget med påfølgende avviksbehandling, noe som kunne ha avdekket ulykkessvingens ugunstige utforming.

SHT tilrår at Statens vegvesen etablerer rutiner som sikrer at nye veianlegg alltid overleveres med trafikksikkerheitsgjennomgang før det åpnes for trafikk.»

Å sjå på sikkerheitsstyringa i utbyggingsprosjekt og bruken av trafikksikkerheits-gjennomgang i utbyggingsfasen, vil kunne synleggjere i kva grad Statens vegvesen tek i vare krav om tryggleik knytt til riksveginfrastrukturen i utbyggingsfasen. Dei interne retningslinjene og prosessen i kvalitetssystemet er utarbeidd for å sikre at sluttproduktet skal ha god kvalitet. Det vert mellom anna stilt krav om planlegging, kontroll og dokumentasjon som ein del av kvalitetsarbeidet. Vegtilsynet ynskjer med dette tilsynet å undersøke om praksisen i Region øst er i samsvar med dei interne krava.

## 3. Mål

Målet med tilsynet var å undersøke i kva grad trafikksikkerheitsgjennomgang før overlevering vert planlagd, utført, dokumentert og følgd opp.

## 4. Tilsynskriterium

Tilsynssaka baserer seg på følgjande tilsynskriterium:

- *Håndbok 151 Styring av utbyggings-, drifts- og vedlikeholdsprosjekter* (oktober 2008)
- Prosessen *Gjennomføre utbyggingsprosjekter* i Kvalitetssystemet

### *Merknad:*

*Tilsynssaka er basert på den utgåva av handbok 151 som var gjeldande på tidspunktet då tilsynssaka vart førebudd og varsla, og i tidsrommet dei aktuelle prosjekta vart gjennomført. Ny utgåve av handbok 151 vart publisert 31. januar 2013.*

# 5. Gjennomføring

Vegtilsynet har fått tilgang til Statens vegvesen sitt kvalitetssystem og anna dokumentasjon, og nyttar dette under førebuinga av tilsynet.

Vegtilsynet sendte varsel om tilsyn 19. desember 2012. Som grunnlag for ein dokumentgjennomgang før intervju, vart tilsynspart beden om å leggje fram ei oversikt over alle utbyggingsprosjekt (og delprosjekt) på riksvegar i Oppland fylke som hadde oppstart etter 01. januar 2009. Oversikta skulle innehalde:

- Startdato og eventuell overleverings- og sluttdato for utbyggingsprosjektet
- Prosjektnamn
- Budsjett for utbyggingsprosjekt
- Kva avdeling som har eller har hatt ansvaret for utbyggingsprosjektet

Med bakgrunn i denne oversikta bad Vegtilsynet om å få tilsendt yt-

terlegare dokumentasjon for 26 prosjekt frå Vegavdeling Oppland og to prosjekt frå Prosjektavdeling øst. Desse prosjekta var ifølgje oversikta avslutta innan desember 2012. Dokumentasjonen Vegtilsynet bad om var følgjande:

- Prosjektstyringsplan og kvalitetsplan
- Kontrollplan
- Overleveringsprotokoller (vedlegg 10 og vedlegg 11 i handbok 151)
- Dokument i samband med trafikksikkerheitsgjennomgang og dokumentasjon på andre trafikk-sikkerheitsvurderinger som var gjort i utbyggingsfasen

Oversikt over utvalde prosjekt ligg i vedlegg 1.

Innhenta informasjon frå dokumentgjennomgang og intervju er vurdert opp mot tilsynskriteria, og

dannar grunnlaget for tilsynsfunna.

Eit utkast til rapport vart lagt fram for tilsynspart 13. mars 2013, med frist for å gje tilbakemelding på faktafeil i utkastet. Tilsynspart har innan fristen gitt slik tilbakemelding og dette er innarbeidd i rapporten.

Tilsynsfunna i rapporten er relatert til prosjekta frå Vegavdeling Oppland, medan det ikkje er avdekka tilsynsfunn knytt til vegprosjekta frå Prosjektavdeling øst.

Det kan føreligge fleire tilsynsfunn for vegprosjekt i Region øst enn det som vart avdekka i dette tilsynet. Vidare er ikkje dei identifiserte avvika og observasjonane nødvendigvis representative for alle vegprosjekt i Region øst.

Tilsynspart har gjeve tilsynslaget nødvendig tilgang til dokument, lokale og personell, og lagt alle forhold til rette for ei effektiv gjennomføring av tilsynet.

# 6. Tilsynsfunn

## Avvik 1

Statens vegvesen Region øst kan ikke dokumentere at kvalitetsplan vert utarbeidd for alle utbyggingsprosjekt.

### Tilsynskriterium

Handbok 151

*Kapittel 1.1.3 Håndbok 151 og styrende dokumenter*

«For alle prosjekter skal følgende styrende dokumenter utarbeides:  
- Kvalitetsplan (KP)»

*Kapittel 1.4.1 Kvalitetsplanens innhold*

«Kvalitetsplanen skal utvikles og arbeides med gjennom alle fasene i prosjektet (plan-, bygge-, drift- og vedlikeholdsfasen). Detaljeringsnivå skal tilpasses de ulike milepælene.»

*Kapittel 4.2.3 Kvalitetsplan*

«Det skal utarbeides en kvalitetsplan for prosjektet i samsvar med gjeldende mal. Prosjektleder er ansvarlig for at kvalitetsplanen er utarbeidet.»

### Tilsynsbevis

Statens vegvesen Region Øst ved Vegavdeling Oppland kunne verken ved innsending av dokumentasjon eller under intervju dokumentere at det var utarbeidd kvalitetsplan for alle dei 26 prosjekta. Vegtilsynet fekk tilsendt 13 kvalitetsplanar.

### Merknad:

*Etter det Vegtilsynet kan sjå er fem av dei tilsendte kvalitetsplanane utarbeidd i planfasen, og har ikkje blitt vidareutvikla og arbeidd med i byggefase.*

## **Avvik 2**

Statens vegvesen Region øst kan ikke dokumentere at kontrollplan vert utarbeidd for alle utbyggingsprosjekt.

### **Tilsynskriterium**

Handbok 151

*Kapittel 1.1.3 Håndbok 151 og styrende dokumenter*

«For alle prosjekter skal følgende styrende dokumenter utarbeides:

[...]

- Kvalitetsplan (KP)

- [...]
- Alle kvalitetsplaner skal inneholde en eller flere kontrollplaner.»

*Kapittel 1.4.5 Byggherrens kontrollplan*

«Kvalitetsplanen skal for alle faser inneholde en kontrollplan som omfatter vesentlige arbeidsoperasjoner slik at bestilt kvalitet sikres.»

*Kapittel 4.1.13 Teknisk kvalitet, miljø-kvalitet og dokumentasjon*

«Byggherrens kontrollplan:

Når risikovurderingen er utført, skal det utarbeides en kontrollplan for hver kontrakt med basis i risikovurderingen. Kontrollplanen inngår som en del av kvalitetsplanen på prosjekt/kontrakten, se også punkt 1.4.5 «Kontrollplan».»

### **Tilsynsbevis**

Statens vegvesen Region Øst ved Vegavdeling Oppland kunne verken ved innsending av dokumentasjon eller under intervju dokumentere at det var utarbeidd kontrollplan for alle dei 26 prosjekta. Vegtilsynet fekk tilsendt 11 kontrollplanar.

### **Avvik 3**

Statens vegvesen Region øst kan ikke dokumentere at overleveringsprotokollar vert utarbeidd og vedlagt ved overlevering for alle utbyggingsprosjekt.

#### *Merknad:*

*Eitt av prosjekta var avslutta, men ikke overlevert. Difor var talet på utvalde prosjekt i denne samanheng 25.*

### **Tilsynskriterium**

Handbok 151

#### *Kapittel 2.8.2 Enhetlige kontraktsdokumenter*

«Protokoller (Vedlegg 9, 10 og 11):

[...]

Ved overleveringsforretning benyttes

Vedlegg 10 «Protokoll for overlevering» og Vedlegg 11 «Ferdigstillelses-dokumentasjon ved overlevering».

#### *Kapittel 2.9.3 Overtakelse og overlevering av vegprosjekter*

«I tilknytning til avslutning og overlevering av veganlegg skal følgende avklarende dokumentasjon vedlegges:  
– overleveringsprotokoller»

### **Tilsynsbevis**

Statens vegvesen Region Øst ved Vegavdeling Oppland kunne verken ved innsending av dokumentasjon eller under intervju dokumentere at overleveringsprotokollar var utarbeidd og vedlagt ved overlevering for alle dei utvalde prosjekta.

Vegtilsynet fekk tilsendt vedlegg 10 for 19 prosjekt, medan vedlegg 11 ikkje vart tilsendt for nokon av prosjekta.

## **Avvik 4**

Statens vegvesen Region øst kan ikkje dokumentere at avklarande dokumentasjon vedkommande trafikksikkerheitsgjennomgang vert vedlagt ved overlevering for alle utbyggingsprosjekt.

### **Tilsynskriterium**

Handbok 151

#### *Kapittel 2.9.3 Overtakelse og overlevering av vegprosjekter*

«I tilknytning til avslutning og overlevering av veganlegg skal følgende avklarende dokumentasjon vedlegges:  
– trafikksikkerhetsgjennomgang»

### *Merknad:*

*Eitt av prosjekta var avslutta, men ikkje overlevert.*

*Malfor Ferdigstillelsesdokumentasjon ved overlevering, vedlegg 11 i handbok 151, inneheld ein dokumentoversikt som ikkje er komplett, men som syner kva dokumentasjon som er viktig å ta med ved overlevering. I denne oversikta ingår eit punkt om trafikksikkerhetsgjennomgang.*

*Den elektroniske utgåva av denne malen inneheld ei tilsvarende dokument-oversikt, men har ikkje eit eige punkt om trafikksikkerhetsgjennomgang. Vegavdeling Oppland har nytta den elektroniske versjonen.*

### **Tilsynsbevis**

Statens vegvesen Region Øst ved Vegavdeling Oppland kunne verken ved innsending av dokumentasjon eller under intervju dokumentere at avklarande dokumentasjon om trafikksikkerhetsgjennomgang vart vedlagt ved overlevering for alle dei utvalde prosjekta. Vegtilsynet fekk ikkje tilsendt noko dokumentasjon som omhandla trafikksikkerheitsgjennomgang.

**Under tilsynet har Vegtilsynet i tillegg gjort følgjande observasjoner:**

**Observasjon 1**

Det prosessorienterte kvalitetssystemet vert i liten grad brukt som grunnlag for finne prosedyrar for korleis utbyggingsprosjekt skal gjennomførast.

*Grunngjeving*

I tilsynssak 2012-01 retta mot Vegdirektoratet, fekk Vegtilsynet opplyst at kvalitetssystemet skal brukast som grunnlag for finne prosedyrar for gjennomføring av arbeidsoppgåver. Dette er også nedfelt i Vegvesenboka s. 22.

Under intervjuet kom det fram at prosessane i kvalitetssystemet i liten grad vert brukt i det daglege arbeidet. Handbok 151 vart brukt som grunnlag for gjennomføring av prosjekt, medan malar og anna dokumentasjon vart henta fra fagsidene på Vegveven.

**Observasjon 2**

Handbok 151, som er eit internt krav for gjennomføring av utbyggingsprosjekt, er ikkje godt nok tilpassa små prosjekt (under 25 millionar kroner).

*Grunngjeving*

Under intervjuet kom det fram at handbok 151 vert vurdert som lite tilpassa små prosjekt, og at ressurs-tilgangen ikkje er tilstrekkeleg til å oppfylle alle krava. Dette gjaldt sær-

leg krava til dokumentasjon, som vert vurdert som for omfattande for små prosjekt. Dette resulterte til dømes i at kvalitetsplanar ikkje vert nytta slik det er tiltenkt i handboka. Kvalitetsplanen som var utarbeidd for planfasen vert i stor grad vidareført, men ikkje revidert.

**Observasjon 3**

Rutinane for identifisering av sikkerheitskritiske avvik og farlege forhold før overlevering er mangelfull.

*Grunngjeving*

Under intervjuet kom det fram at avvik som vert oppdaga i utbyggingsfasen i stor grad vert handtert og lukka, men at det manglar eit effektivt system for å identifisere i kva grad det ligg føre andre sikkerheitskritiske avvik og farlege forhold som må lukkast eller dokumenterast før overlevering. Det vert i ein del tilfelle gjort vurderingar av trafikksikkerheit i dei ulike fasane av utbyggingsprosjekt, utan at dette vert gjort synleg gjennom dokumentasjon.

**Observasjon 4**

Rutinane ved overlevering sikrar ikkje at eventuelle feil og/eller manglar vert dokumentert og følgt opp.

*Grunngjeving*

Under intervjuet kom det fram at linjeorganisasjonen (drift- og vedlikehald) ikkje etterspør dokumentasjon

på trafikksikkerheitsgjennomgang frå prosjektorganisasjonen. Det er vidare uklart kven som har ansvar for avvik som er etablert, men ikkje oppdaga, i tidlegare fasar av prosjektet.

# 7. Tilråding

## Tilråding 2012-02 nr. 1

Dei avdekka avvika omhandlar mangelen på dokumentasjon på at kvalitetsplan og kontrollplan er utarbeidd. Vidare at det manglar dokumentasjon på at overleveringsprotokollar og avklarande dokumentasjon om trafikksikkerheitsgjennomgang er utarbeidd og vedlagt ved overlevering til linjeorganisasjonen.

Dette inneber at Statens vegvesen Region øst verken kan stadfeste at kravd kvalitet er oppnådd for dei utvalde prosjekta eller at prosjekta er overlevert med tilstrekkeleg informasjon.

Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen Region øst gjennomfører tiltak for å sikre at dei avvika som er avdekka i rapporten ikkje har medført at dei utvalde prosjekta inneheld trafikkfarlege forhold.

## Tilråding 2012-02 nr. 2

Statens vegvesen har utarbeidd interne retningslinjer, *Håndbok 151 Styring av utbyggings-, drifts- og vedlikeholdsprosjekter*, som set krav til gjennomføringa av utbyggingsprosjekt. Handboka skal vera «et styrende dokument og skal være en sjekkliste for ansatte i Statens vegvesen for å sikre riktig prosjekt- og utførelseskvalitet», jf. forordet.

Sikkerheitsstyring i alle fasar av eit utbyggingsprosjekt er viktig for å unngå at ein etablerer sikkerheitskritiske problem i vegnettet.

Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen Region øst med bakgrunn i avvika og observasjonane, gjennomfører tiltak for å sikre at dei aktuelle krava i handbok 151 vert følgt i framtidige prosjekt.

## 8.

# Oppfølging av tilrådingane

Statens vegvesen Region øst skal innan 3. mai 2013 kome med tilbakemelding på korleis tilrådingane vil verta handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak.

På bakgrunn av denne tilbakemeldinga vil Vegtilsynet vurdere vidare oppfølging og lukking av tilrådingane.

## Vedlegg 1: utvalde prosjekt

Vegnr.	Prosjektnamn	Budsjett (mill. kr.)	Byggherre
E16	Kollektivtiltak Tollefsrud	0,3	Vegavdeling Oppland
Rv4	Kollektivtiltak Smedmoen	0,7	Vegavdeling Oppland
E136	Joramo – Botheim	22	Vegavdeling Oppland
E16	Veglys Valdres 2009	4,5	Vegavdeling Oppland
E16	Utbedr. E16 avkjø. Slidre sent	11,7	Vegavdeling Oppland
E6	Tretten – Frya strakstiltak	5	Vegavdeling Oppland
Rv4	Veglys rv 4/rv 33 Land – Hadeland 2009	16,9	Vegavdeling Oppland
Rv15	Dønnfoss	8	Vegavdeling Oppland
Rv4	Gårder – Bruhagen g-/s-veg	7	Vegavdeling Oppland
E16	Grindaheim - Bøflaten	13,8	Vegavdeling Oppland
E6	Rundkjøring Dombås	39	Vegavdeling Oppland
Rv4	Veglys med TS-tiltak. Sandvollkry. – Amundrudkry.	6,3	Vegavdeling Oppland
E6	TS-tiltak i Oppland, Hundorp – Otta og Sjoa – Otta. Kollektiv	6,8	Vegavdeling Oppland
E16 X fv51	Rundkjøring Leira	29,6	Vegavdeling Oppland
E136	Bottheim – Bø g/s-veg	16	Vegavdeling Oppland
E6 X fv438	Lieng – Tverrbekken	7,3	Vegavdeling Oppland
Rv15	Furluly – Dønnfoss g/s-veg	5,4	Vegavdeling Oppland
E136	HV-skolen – Skåtådalen	7	Vegavdeling Oppland
E16	Veglys Ulnes og Røn	1,3	Vegavdeling Oppland
E6	Veglys Fåvang	7,5	Vegavdeling Oppland
E6 X fv438	E6 kryss med fv. 438 Nord Sel	15,4	Vegavdeling Oppland
Rv15	Bismo stedsutvikling	5,8	Vegavdeling Oppland
Rv4	Veglys	9,5	Vegavdeling Oppland
E6	Akselerasjonsfelt Biri	8	Vegavdeling Oppland
Rv 15 X fv438	Kryssutbedring	4,2	Vegavdeling Oppland
E16	Vikatunet – Sløavegen og venstrefelt sentrum Fagernes	9,2	Vegavdeling Oppland
E16	Fønhus – Bagn	-	Prosjektavdeling Øst
E6	Øyer – Tretten	-	Prosjektavdeling Øst

## Vedlegg 2: oversikt over tilsendt dokumentasjon

Veg-nr.	Prosjektnavn	Prosjekt-styring-splan	Kvalitets-plan	Kontroll-plan	Protokoll for overlevering	TS-dokumentasjon
E16	Kollektivtiltak Tollefsrud	-	-	-	-	-
Rv4	Kollektivtiltak Smedmoen	-	-	-	-	-
E136	Joramo - Botheim	x	x	x	x	-
E16	Veglys Valdres 2009	-	-	-	-	-
E16	Utbedr. E16 avkjø. Slidre sent	x	x*	-	x	-
E6	Tretten - Frya strakstiltak	-	-	-	-	-
Rv4	Veglys rv 4/rv 33 Land - Hadeland 2009	-	-	-	-	-
Rv15	Dønnfoss	-	x	-	-	-
Rv4	Gårder - Bruhagen g-/s-veg	x	x*	x	x	-
E16	Grindaheim - Bøflaten	-	-	-	-	-
E6	Rundkjøring Dombås	x	-	-	x	-
Rv4	Veglys med TS-tiltak. Sandvollkry.- Amundrudkry.	-	-	-	-	-
E6	TS-tiltak i Oppland, Hundorp-Otta og Sjoa-Otta. Kollektiv	-	-	-	-	-
E16 X fv51	Rundkjøring Leira	x	x*	x	-	-
E136	Bottheim - Bø g/s-veg	x	x	-	-	-
E6 X fv438	Lieng - Tverrbekken	x	x	x	-	-
Rv15	Furluly - Dønnfoss g/s-veg	x	x*	x	-	-
E136	HV-skolen - Skåtådalen	x	x	x	x	-
E16	Veglys Ulnes og Røn	-	-	-	-	-
E6	Veglys Fåvang	-	-	-	-	-
E6 X fv438	E6 kryss med fv. 438 Nord Sel	x	-	x	-	-
Rv15	Bismo stedsutvikling	-	-	x	ikkje overlevert	-
Rv4	Veglys	x	x	-	-	-
E6	Akselerasjonsfelt Biri	x	x	x	-	-
Rv 15 X fv438	Kryssutbedring	x	x	x	-	-
E16	Vikatunet - Sløavegen og venstrefelt sentrum Fagernes	x	x*	x	x	-
E16	Fønhus- Bagn	SSD	x	x	ikkje overlevert	berre tilsendt for planfasen
E6	Øyer- Tretten	SSD	x	x	x	x

\* Desse kvalitetsplanane er utarbeidd i planfasen og har etter det Vegtilsynet kan sjå ikkje blitt vidareutvikla og arbeidd med i byggefase.

## Vedlegg 2: deltakarar

DELTAKARAR FRÅ VEGTILSYNET		
Rolle	Namn	Fagområde
Tilsynsleiar	Bente Irene Berland Molland	Tilsyn
Fagrevisor	Nils Torbjørn Sperrevik	Veg
Fagrevisor	Sverre Slettemark	Veg
Fagrevisor	Ida Blomhoff Pedersen	Juridisk

### DELTAKARAR FRÅ TILSYNSPART

Frå Statens vegvesen Region øst deltok regionvegsjef, avdelingsdirektørar, seksjons-, prosjekt- og byggeleiarar.